

Bekymringar rundt ubetalte pauser.

Vi assistentar i skulen bekymrar oss for at arbeidsmiljølova ikkje blir tilstrekkelig overhold ved ubetalt pause. Vi har turdag 1 dag i veka. Nokon gongar må vi ta pause tidli (1,5t etter starta arbeidsdag) for å få kabalen til å gå opp.

På fjelldagar blir det ikkje tilstrekkelige forhold til pause. Då sitt vi skogen eller på fjelle med elevane. Her kjem arbeidsmiljølova inn med tilfredsstillande pauserom.

Ved 2-1 elever har vi på oss en alarm når vi går på pause i tilfelle det skal skje noko. Dette blir då ikkje moglig ved ubetalte pauser.

Det er 1 lærar på kvart klasserom. Det er oss assistentane/fagarbeidarane dei kontaktar visst der oppstår noko. So vi kjem då i pausa vår å hjelper. Kven skal lærarane strekke seg ut til ved behov for hjelp når der ingen er å kontakte?

Dokke nevner det at vi blir meir folk i kjernetida. Kjernetida på SFO er etter skuleslutt og då har vi allerede hatt matpausa vår, so den synest vi blir litt tynt grunnlag. Det som kjem til å skje ved at vi ikkje har betalt matpausa er at det blir mindre folk å bruke i friminutt og inne når elevne et. Et pressa personalet blir enda meir pressa viss dette skjer.

Husk at ubetalt pause også er fritid som betyr at vi fritt kan forlate arbeidsplassen og planlegging av vidare arbeidsdag ikkje kan gjerast i den ubetalte matpausa. Det vil også oppstå ein stor vesentlig forskjell mellom yrkesgrupper på same arbeidsplass sidan lærarane har betalte matpauser inkludert i sitt lovverk

Mvh Alle som jobber i SFO i Hareid kommune
med støtte frå Delta og Fagforbundet